

Boskassestativ etter kundens ynskje.

25.10.2016



PÅ Skansen hos Anne Magrethe og Ola Matti Mathisen finn vi dette boskassestativet med plass til tre dunkar.

**Det er ikkje nytt, men Kvinnherad Vekstbedrift har utvikla produktet boskassestativ laga på mål. Kunden seier sjølv frå korleis ein vil ha stativet, med omsyn til storleik, teknisk løysing og farge. I store trekk er det to utgåver, eit der veggene er kledde og eit meir ope stativ.**



Ungdomslaget har vald ei anna løysing, utan dør og der veggene er kledde.

Boskassetativ er eit av mange produkt frå Kvinnherad Vekststativ. Atle Haugland er arbeidsleiar på trevareavdelinga. Han fortel at kunden legg inn ynskje om storleik og om ein vil at stativet skal vera ope eller med kledde vegger. Det er til vanleg plass til tre spann, men med variasjon ut frå storleiken på spanna. Prisen er rundt rekna kr. 3.000,-

I dette innlegget syner vi to boskassetativ. Det eine finn du søre veggjen på Helgheim. Ungdomslaget har eit lukka stativ med kledd bakvegg, kledde sidevegger og utan dør. På Skansen finn du eit meir ope stativ med dør laga i stakitt. Her er det plass til to små dunkar og ein større dunk. Kunden legg inn ynskje om farge.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal